

Nr.	Prosjekt	Arkivsak KU	Bestilt	Ferdigdato	Oppfølging KU	Handsaming	Kommentarar
12	Internkontroll	09/3306	17.06.2009	10.02.2010	Halvårleg orientering frå Fm.	FT-sak 01/10 KU-sak 35/12	Oppfølging er iverksatt. Vedtaket i FT-sak 44/10 gjev FRM frist til utgangen av 2011 med tiltaksoppfølginga. KU skal vere orientert undervegs, og har bedt om å bli orientert om status halvårleg etter KU-møte 3.9.2012. Siste orientering var 25. mars 2015
16	Byggeprosjekt i Sogn og Fjordane fylkeskommune	10/3230	27.05.2010	17.01.2011	31.12.2011 H-13 31.12.14 V-2016	FT-sak 2/11	Fylkestinget vedtok at FRM skal rapportere til KU status for oppfølging av tilrådingane i rapporten, og evt. Tidplan for fullføring innan utgangen av 2011. I samtale med adm 05.03.14 vart det orientert om forseinka oppfølging pga prioritering av oppfølging ifm skulebruksplanen. Notat med oppfølging motteke 23.4.14. Ny oppfølging etter 31.12.14. Etter handsaming i KU 25.11.14 vart ny oppfølging sett til utgangen av 1. halvår 2015. Etter handsaming 26. august 2015 vedtok KU ny oppfølging etter utgangen av mars 2016.
25	Fagopplæring, rekruttering til yrkesfag og tilbodet til lærlingar	12/7334	27.11.2012	03.05.2013 8.5.2013 8.8.2013	03.03.2016	KU-sak 34/13 FT-sak 27/13 KU-sak 46/14 KU-sak 3/15	Bestilling og prosjektplan skal handsamast i KU-møte 27.11.2012 (KU-sak 40/12). KU fekk orientering om status 22.1.2013, 15.3 og 2.4. Prosjektet er i rute. Tlf.samtale med Deloitte veke 16 der dei varslar forseinking til 8. mai pga vanskar med å treffe lærlingar på tlf. Endeleg rapport handsama av KU 27.8.2013, sendt vidare til FT-handsaming 15.10.2013. Fylkesrådmannen rapporterar til KU innan 1.10.2014 oppfølging av tilrådingane som vart vedteke. Oppfølgingsnotat frå fylkesrådmannen datert 25.9.14. KU ber i møte 21.10.14 om ny statusrapport innan 19.1.15. Rapport motteken 20.1.2015. KU vedtok 10.2.15 å be om orientering når tilråding nr. 7 i FT-sak 27/13 er ferdig oppfølgd. Notat mottatt 13.1.2016, som KU får til handsaming 3. mars 2016
27	Tryggleik og beredskap	13/3614	28.05.2013	28.02.2014	V-16	KU-sak 15/14 FT-sak 7/14	Bestilt etter handsaming i KU-møtet 28.5.2013. Ved handsaming av prosjektplan vart ferdigdato sett til 28.2.2014. Rapport motteken 04.03.14, og behandla i kontrollutvalet 18.03.14. Rapporten vart sendt vidare til fylkestingsbehandling 11.06.14. Fylkestinget handsama rapporten etter gjennomført FR 11. juni, og vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet. Rådmannen blir bedt om å rapportere innan utg. av 2014 til KU. Notat med rapportering er under utarbeiding. Kontrollsjefen mottok rapport 10.2.15 frå fylkesrådmannen. Det er gjort eit omfattande arbeid med oppfølginga av vedtaket i FT-sak 7/14, men fylkesrådmannen ber om frist ut 2015 for fleire av punkta i oppfølginga, medan andre punkt er planlagt ferdigstil tidlegare. Fm ber om ny tidsfrist for oppfølging. KU handsamer spørsmålet om utsetting i møte 3. mars 2016
28	Samhandling	13/6113	24.09.2013	30.06.2014 23.09.2014 15.11.2014 31.01.2015 06.03.2015	V-16		Bestilling handsama i KU-møtet 24.9.2013, prosjektplan vedteken i KU 30.1.2014. Prosjektet forventast ferdig innan utgangen av juni 2014. Revisor rapporterte 18.3.14 at prosjektet er i rute. Det har vore ein del spørsmålsavklaringar i samband med val av prosjekt i denne forvaltningsrevisjonen. Dette har medført at prosjektet er forsinka, og vil først bli ferdig til handsaming i KU 24. september. Ein del forseinkingar i prosjektet har ført til at ny planlagt ferdigdato er sett til 31.1.2015. I KU-møte 10.2.15 vart ny ferdigdato sett til 6.3.15. Kontrollutvalet behandla rapporten 25. mars 2015. Fylkestinget fekk rapporten til handsaming 10. april 2015, og vedtok kontrollutvalet si tilråding. Fylkesrådmannen blir i vedtaket bedt om å gjennomføre tilrådingane i rapporten, og melde tilbake til kontrollutvalet innan utgangen av året (2015). Fm har meldt oppfølginga tilbake og KU har gjort vedtak om at oppfølginga er fullstendig.
29	Tildeling og oppfølging av tilskot	14/3443	27.05.2014	03.11.2014 14.11.2014	01.09.2015	KU-sak 53/14 FT-sak 36/14	Bestilling handsama i KU-møte 27. mai. Prosjektplanen vart vedteken i KU-møte 17. juni i KU-sak 30/14. Arbeider mot ferdigstilling tidleg i november slik at det kan verte handsama av KU 25.11.14. Rapport skal etter planen vere ferdig innan 14.11.14. Rapport ferdig 14.11.14. Handsama i KU-sak 53/14, og i FT-sak 36/14. Fylkestinget vedtok å ta rapporten til etterretning og at fylkesrådmannen skulle følgje opp tilrådingane med unntak av nr. 3 og 9. Rapportering til KU innan 1.9.15. Fm har følgd opp tilrådingane i rapporten og kontrollutvalet har vedteke at
30	Innkjøp og oppfølging av kollektivtransport	14/5011	26.08.2014	01.05.2015	V-2016 H-2017		Bestilling handsama i KU-møte 26.8.14. Prosjektplan vedteken av kontrollutvalet 23.09.14. Kontrollutvalet, og seinare fylkestinget vedtok å ta rapporten etter gjennomført FR til etterretning, og be om at fylkesrådmannen følgjer opp tilrådingane, og rapporterer til kontrollutvalet innan utgangen av 2015. KU ber om ny status når overordna skriftlege retningslinjer for innkjøp og oppfølging av kollektivtenester er på plass seinast 30. juni 2017
31	Fylkesarkivet	14/5759	25.09.2014	28.02.2015	V-16 H-16		Kontrollutvalet vedtok bestilling av prosjektet i møte 23.09.14. Bestillinga vart sendt Deloitte 25.09.14. Prosjektplan vart vedteken av KU i møte 21.10.14. Kontrollutvalet handsama rapporten 25. mars og fylkestinget 10. april 2015. Fylkestinget vedtok å be fylkesrådmannen om å gjennomføre tilrådingane i rapporten, og melde tilbake til KU innan utgangen av 2015. Kontrollutvalet ber om status i arbeidet med utarbeiding av vedteker for kommunearkivordninga og i arbeidet med nye rutinar for systematiske risikovurderingar innan 15. august 2016.
32	Læringsmiljø og PP-tenesta	14/8389	19.12.2014	11.09.2015		KU-sak 43/15 FT-sak 30/15	Leiar fekk, i samråd med kontrollsjef, fullmakt til å bestille prosjektet etter diskusjon i KU-sak 61/14 i møte 25.11.14. Prosjektplan vedteken i KU-møte 10.2.15. Fylkestinget vedtok å be f m følgje opp revisor sine tiltak i kapittel 7 i rapporten. Fylkestinget ber fylkesrådmannen melde status på oppfølginga, og eventuell plan for vidare oppfølging, til kontrollutvalet innan 31. mars 2016.
33	Vedlikehald og inn klima	15/5892	26.08.2015	31.03.2016			
34	Kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fk	16/1691	11.02.2016	01.09.2016			Bestilling sendt Deloitte 11. februar 2016

**Dato**

OPPDATERT etter KU-møte 26.1.16 **23.02.2016**

Prosjekt

## 12 Internkontroll

Arkivsak KU 09/3306  
 Bestilt 17.06.2009  
 Ferdig 10.02.2010  
 Handsaming av rapport KU 24.02.2010 KU-sak 6/10  
 Handsaming av rapport FT 06.04.2011 FT-sak 1/10

Status dato	Aktivitet	Eventuelt vedtak / resultat	Kommentarar
17.06.2009	Handsaming KU	1 Kontrollutvalet bestiller av Deloitte AS forvaltningsrevisjon på internkontroll i Sogn og Fjordane fylkeskommune i høve til vedlagte bestillingsdokument.	Bestillingssak. Bestilling sendt deloitte i etterkant av møtet i KU.
10.02.2010	Mottak rapport	Kontrollutvalet v/sekretariatet mottok rapporten	Sekretariatet utarbeider sak til KU.
24.02.2010	Handsaming rapport KU	1 Fylkestinget tek rapporten "Forvaltningsrevisjon av internkontroll" til etterretning 2 Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføra dei 13 tiltaka i kapittel 9 i rapporten, og innan utgangen av 2010 oversende kontrollutvalet ein plan for dette arbeidet.	Saka vert til fylkestinget med tilråding frå KU
07.04.2010	Handsaming av rapport i FT	1 Fylkestinget tek rapporten "Forvaltningsrevisjon av internkontroll" til etterretning 2 Fylkestinget ber fylkesrådmannen å gi ei orientering på fylkestinget i oktober om arbeidet med balansert målstyring og internkontroll, og informere om korleis styringssystem og internkontroll skal koordinerast og synleggjerast. 3 Dei 13 tiltaka i kapittel 9 i rapporten skal vere iverksett innan utgangen av 2010. Kontrollutvalet skal vera løpande orientert om dette arbeidet og orientere fylkestinget om status i arbeidet på tingsete i april 2011.	Tilrådingar i rapporten, kapittel 9 1. Fylkeskommunen bør etablere ein overordna policy for internkontroll som spesifiserer forventningar, krav og innhald i eit samla internkontrollsystem. Ein innfallsvinkel til dette arbeidet kan vera å ta utgangspunkt i statens økonomiregelverk, kor retningsliner for internkontroll er skildra på eit operarasjonalisert nivå. 2. Fylkeskommunen bør etablere eit rammeverk for risikokartlegging, vurdering og respons. 3. Risikovurderingane bør og nyttast i styringssystemet, slik at nytteverdien aukar på tvers av einingane og sikrar at leiinga får eit samla risikobilete av verksemda. 4. Fylkeskommunen må sikre at mål for dei respektive einingane vert tilstrekkeleg operasjonalsert slik at dei er betre eigna til å styra etter. 5. Fylkeskommunen må sørja for å etablere ein tilfredsstillande skriftleg dokumentasjon av ansvarsområde, prosessar, rutinar og arbeidsoppgåver i samsvar med prinsippa for internkontroll. 6. Fylkeskommunen må identifisere område der organisasjonsstrukturen på ein betre måte kan bidra til meir effektiv oppgaveløysing og måloppnåing. 7. Fylkeskommunen bør vurdere om gjeldande delegasjonsreglement er tilpassa den einskilde leiars mynde og arbeidsoppgåver. 8. Fylkeskommunen bør syta for å få identifisert årsaker til at samhandlinga mellom enkelte einingar ikkje vert vurdert som optimal av enkelte respondentar, og vurdere om det kan vere føremålstenleg å setja i verk tilpassingar. 9. Fylkeskommunen bør syta for at alle einingar har ein verksemdsplan, som synleggjer at det er ein realistisk samanheng mellom mål, verkemiddel og vedteke budsjett. 10. Fylkeskommunen bør kvalitetssikra at måloppnåing vert systematisk fanga opp og rapportert på riktig nivå i organisasjonen. 11. Fylkeskommunen må sikra at tilsette får tilgang og opplæring i viktige rutinar, som til dømes offentlege anskaffingar. 12. Fylkeskommunen må sikre at tilsette har tilstrekkeleg kunnskap om relevante rettsreglar. 13. Fylkeskommunen bør syta for å etablere eit gjennomgåande avvikssystem.
19.10.2010	Handsaming FT, oppfølgingssak frå Frm	1. Fylkestinget tek fylkesrådmannen si orientering om arbeidet med balansert målstyring og internkontroll til vitande. Fylkestinget godkjenner prinsippa for god internkontroll i fylkeskommunen slik desse går fram av kapittel 2.2 i saksutgreiinga.	Oppfølgingssak i fylkestinget der fylkesutvalet ga tilråding til fylkestinget i saka. Arkivsak 10/3899
21.06.2011	Handsaming i KU sak 29/11	Ass. Fylkesrådmann orienterte om arbeidet med oppfølging etter forvaltningsrevisjonen "Internkontroll" som fylkestinget handsama som FT sak 1/10. Det er eit omfattande arbeid som skal gjennomførast. Fylkesrådmannen har no ei noko anna tilnærming til det vidare arbeidet enn det som vart presentert i FT sak 44/10. Ein vil ta utgangspunkt i eit gjennomgåande styringssystem, der internkontrollen vert ein integrert del av dette systemet. Arbeidet vil stort sett verte ferdig innan tidsfristane som vart vedteke av fylkestinget i FT sak 44/10, men det kan bli enkelte forseinkingar. Orienteringa vart teken til vitande.	Kontrollutvalet mottok eit notat frå Frm datert 15.6.2011 som grunnlag for orienteringa. (Arkivsak 10/3899-8)
03.09.2012	KU i KU-sak 29/12	Kontrollutvalet ynskjer orientering om status for internkontrollen halvårleg. Sekretariatet vert bedt om å få på plass rutine for dette. Rutine er på plass med fast oppsett i årsplanen med orienteringar to ganger pr. år.	Kontrollutvalet fekk som grunnlag for dette punkt eit notat frå administrasjonen som heiter "Sogn og Fjordane fylkeskommune - system for internkontroll".
01.10.2012	KU	Orienteringa frå assisterande fylkesrådmann vart teken til vitande.	Fylkesrådmann fekk invitasjon til KU for å orientere om status for internkontrollen på bakgrunn av notatet som utvalet fekk tilsendt til møtet 3.9.2012. Assisterande fylkesrådmann møtte i KU og orienterte utvalet om status. Neste orientering vert våren 2013
02.04.2013	KU	Orienteringa frå assisterande fylkesrådmann vart teken til vitande.	Assisterande fylkesrådmann orienterte utvalet om status pr. dato, og fokusområde framover vert m.a kurs om sakshandsaming for tilsette, personaforvaltning, innkjøp (rammeavtalar og innføring av e-handel). Korrupsjon/misligheter knytt opp mot arbeidet med innkjøp vil også bli ein del av internkontrollfokus framover.
30.01.2014	KU	Orienteringa frå assisterande fylkesrådmann vart teken til vitande.	Assisterande fylkesrådmann orienterte om status for oppfølginga av internkontroll punkt for punkt i høve til tilrådingane frå rapporten etter forvaltningsrevisjonsprosjektet som fylkestinget handsama i FT-sak 01/10. Det vart i tillegg orientert om to område, innkjøp og personaforvaltning, som var risikovurdert i 2013. Det vart avdekket utslag og det er sett i gang tiltak. Det vart oppretta ei prosjektgruppe i 2013 med internkontroll som ansvarsområde. Prosjektgruppa sitt framlegg til vidare arbeid med internkontroll skal handsamast av leiargruppa i februar 2014.
27.05.2014	KU	Orienteringa frå assisterande fylkesrådmann vart teken til vitande.	ROS-analyse innarbeidd i budsjettprøssessen. Dei enkelte avdelingar skal plukke ut tema for ROS-analyse. Neste orientering vert i KU-møte 25. november
11.09.2014	Status-møte Roar Nesset		Kontrollutvalet får halvårleg orientering av administrasjonen om status. Neste orientering skal vere 25. november
25.11.2014	KU-sak 61/14	Orienteringa frå assisterande fylkesrådmann vart teken til vitande.	Paal Fosdal, påtroppande assisterande fylkesrådmann orientert om status for internkontrollen i fylkeskommunen.
25.03.2015	KU-sak 19/15	Orienteringa frå assisterande fylkesrådmann vart teken til vitande.	Assisterande fylkesrådmann orienterte om status internkontroll med fokus på kva som skal prioriterast i 2015. Ansvarsbrev og dialogmøte brukt for å identifisere risikoområde i avdelingane. Fokus på risikovurdering av prosjekt i samband med SFJ2019

Prosjekt

**16 Byggeprosjekt i Sogn og Fjordane fylkeskommune**

Arkivak KU 10/3230  
 Bestilt 27.05.2010  
 Ferdig 17.01.2011  
 Handsaming av rapport KU 08.02.2011 KU-sak 1/11  
 Handsaming av rapport FT 06.04.2011 FT-sak 2/11  
 Oppfølging av prosjektet 14/3207

Status dato	Aktivitet	Eventuelt vedtak / resultat	Kommentarar
08.02.2011	Handsaming KU	1. Fylkestinget tek rapporten "Forvaltningsrevisjon av gjennomføring av byggjeprojekt" til etterretning 2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sette i verk oppfølging av tilrådingane i rapporten, og rapportere til kontrollutvalet innan 31.12.2011 status for oppfølginga og eventuelt tidplan for fullføring.	Saka sendt til fylkestinget
06.04.2011	Handsaming FT	1. Fylkestinget tek rapporten "Forvaltningsrevisjon av gjennomføring av byggjeprojekt" til etterretning 2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sette i verk oppfølging av tilrådingane i rapporten, og rapportere til kontrollutvalet innan 31.12.2011 status for oppfølginga og eventuelt tidplan for fullføring. 3. Ved større byggeprosjekt skal det leggjast fram byggerekneskap for fylkestinget. Fylkesutvalet får fullmakt til å utforme retningslinjer.	Tilrådingar i rapporten, kapittel 5 1. Sikre at nytt rekneskapssystem tek omsyn til prosjektorganisasjonen sitt behov for prosjektrekneskap som grunnlag for økonomisk styring av prosjekta. 2. I større grad etablere system og prinsipp for risikovurdering og risikostyring av byggjeprojekt innanfor bygg og eigedom. 3. Definere nærare kva type avvik og storleik på avvik som gjev grunnlag for avviksrapportering innanfor bygg og eigedom. 4. Vurdere om det i større grad er mogleg å nytte eit felles prosjektstyringssystem, og etablere meir formelle rutinar for prosjektstyringa. 5. Vurdere om samla rutineverk for anskaffingar innanfor bygg og eigedom i tilstrekkeleg grad sikrar at anskaffingar blir gjennomførte og dokumenterte i samsvar med regelverket. 6. Oppdatere Plan- og byggesaksrutinar i forhold til endra praksis for handsaming av prosjektrekneskapane for avslutta byggjeprojekt. 7. Definere klårare kva som ligg i omgrepa "store prosjekt" og "vesentlege avvik" innanfor vegprosjekt. 8. Utarbeide retningslinjer for presentasjon og handsaming av prosjektrekneskapane for vegprosjekt. 9. Etablere rutinar for evaluering av avslutta prosjekt som grunnlag for læring og tiltak til forbedring.
14.11.2012	Oppfølging Adm.		KU kjenner ikkje til at det er skjedd ei oppfølging i dette prosjektet.
12.02.2013	Status-samtaler		Etter det som kom fram i møtet med Øhickers vil det først kome noko status frå dette prosjektet H-13. Følgjast opp vidare. Jan føl opp denne vidare.
24.10.2013	Jan Øhickers		
05.03.2014	Status-samtaler Roar Nesset		Bygge- og eigedomstenesta har måtta prioritert investeringsoppfølging i samband med skulebruksplanen, men vil prioritere oppfølging av dette prosjektet H-14. Ny rapportering etter 31.12.14. Roar vil følgje opp tilrådingpunkt 7 - 9, og kome tilbake med rapport med status på oppfølging av desse punkta.
23.04.2014	Notat frå frm		KU v/sekretariatet mottok 23.04.2014 notat frå fylkesrådmannen (14/2933-1) med status om oppfølging av punkt 7 - 9 i tilrådingane frå revisor.
27.05.2014	Handsaming KU	Dette gir følgjande endeleg vedtak: 1. Kontrollutvalet tek rapporten datert 22.04.14 frå fylkesrådmannen til vitande. 2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om tilbakemelding om rutine vedrørende handsaming av prosjektrekneskapa knytt til vegprosjekt innan utgangen av 2014.	Utvalet handsama notatet datert 22.4.2014 frå fylkesrådmannen i KU-sak 24/14 (14/3207). Saksprotokollen er sendt fylkesrådmannen 28.5.14
11.09.2014	Status-møte Roar Nesset		Oppfølgingsfrist er utgangen av 2014 på dei pkt som var handsama av kontrollutvalet 27. mai. Roar følgjer opp pkt 3 i FT-vedtaket frå 6. april 2011: «3. Ved større byggeprosjekt skal det leggjast fram byggerekneskap for fylkestinget. Fylkesutvalet får fullmakt til å utforme retningslinjer.»
06.11.2014	Fylkesdirektør for samferdsle		Veum tok kontakt med kontrollsjef for å sjekke ut kva som er forventa følgd opp i saka når det gjeld vegprosjekt. K.sjef peika på FT-vedtaket frå 6.4.11, pkt 3, som oppfølging av dette forvaltningsrevisjonsprosjektet.
10.11.2014	Brev frå fylkesrådmann		Fylkesrådmannen vil legge fram sak for fylkesutvalet våren 2015 om retningslinjer og rutinar knytt til prosjektrekneskap både for veg- og bygginvesteringar. (14/2933-2)
11.11.2014	Samtale med BET-sjef		Kontrollutvalet vil handsama sak om primært rutinar for prosjektrekneskap 25.11, men det er naturleg at heile prosjektet vert omtalt, og Bygg- og eigedomssjefen meiner at oppfølging av tilrådingane 2 - 5 bør vert gjort i etterkant av rutinar for byggerekneskapa er på plass.
25.11.2014	Handsaming i KU- sak 54/14	KU vedtok følgjande: 1. Kontrollutvalet tek brev frå fylkesrådmannen datert 10.11.2014 til orientering. 2. Utvalet ber om å bli orientert når retningslinjer og rutinar knytt til prosjektrekneskap for veg- og bygginvesteringar er komne på plass i løpet av våren 2015. 3. Kontrollutvalet ber om å bli orientert om status på oppfølginga av tilrådingane 2 – 5 innan utgangen av 1. halvår 2015.	Utvalet handsama brev frå fylkesrådmannen datert 10.11.14, der fylkesrådmannen skriv at ein tek sikte på å legge fram felles retningslinjer og rutinar knytt til prosjektrekneskap både for veginvesteringar og bygginvesteringar for fylkesutvalet våren 2015.
23.06.2015	KU	Orientering i KU-sak 30/15	Kontrollsjefen orienterte om brev mottatt frå fylkesrådmannen med retningslinjer for behandling av byggerekneskap, som er ei oppfølging av FT-sak 2/11 – forvaltningsrevisjon av byggerekneskap i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Orienteringa vart teken til vitande
26.08.2015	Handsaming i KU- sak 33/15	KU vedtok følgjande: 1. Kontrollutvalet tek notat frå fylkesrådmannen datert 10.06.2015 – Retningslinjer for byggerekneskap i Sogn og Fjordane fylkeskommune - til vitande. 2. Kontrollutvalet vurderer tilrådingane 1 og 6 – 9 i tillegg til punkt 3 i vedtaket i FT-sak 2/11 til å vere oppfølgde. 3. Kontrollutvalet ber om ein ny status på tilrådingane 2 – 5 innan utgangen av mars 2016.	

Prosjekt

**25**

Arkivak KU

12/7334

Bestilt

09.10.2012

Ferdig

03.05.2013

Handsaming av rapport KU

Handsaming av rapport FT

<b>Status dato</b>	<b>Aktivitet</b>
01.10.2012	Handsaming KU
27.11.2012	Handsaming KU
22.01.2013	Status KU
15.03.2013	Status KU
02.04.2013	Status KU
28.05.2013	Handsaming KU
27.08.2013	Handsaming KU

15.10.2013	Handsaming FT
17.10.2013	
11.09.2014	Status-møte Roar Nesset
21.10.2014	Handsaming i KU- sak 46/14 (14/6513)
27.01.2015	Status-møte Roar Nesset
10.02.2015	Handsaming i KU- sak 3/15
03.03.2016	Haqndsaming i KU-sak

# Fagopplæring

Planlagt

Eventuelt vedtak / resultat
<ol style="list-style-type: none"><li>1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon " Fagopplæring og tilbudet til lærlingar" i samsvar med vedlagte bestillingsdokument med dei endringar som kom fram i møtet.</li><li>2. Bestillinga vert med atterhald om at fylkestinget vedtek plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 som tilrådd</li><li>3. Prosjektplanen vert lagt fram for utvalet til handsaming i eit seinare møte.</li></ol>
<ol style="list-style-type: none"><li>1. Kontrollutvalet vedtek å slå saman prosjektet «Fagopplæring og tilbudet til lærlingar» og «Rekruttering til yrkesfagleg utdanning» til det nye prosjektet «Fagopplæring, rekruttering til yrkesfag og tilbudet til lærlingar»</li><li>2. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon " Fagopplæring, rekruttering til yrkesfag og tilbudet til lærlingar" i samsvar med vedlagte bestillingsdokument.</li><li>3. Kontrollutvalet vedtek prosjektplanen for prosjektet slik den ligg føre</li></ol>
KU-sak 7/13
KU-sak 8/13
KU-sak 13/13
KU-sak 19/13 - Vedtak: Endringsframlegg frå kontrollsjefen, som vart grunngeve med at det var uttrykt usemje om dei faktiske forholda i rapporten etter den gjennomførde forvaltningsrevisjonen: <ol style="list-style-type: none"><li>1. Saka vert utsett</li></ol> Avrøysting: Endringsframlegget vart samrøystes vedteke Dette gir følgjande endeleg vedtak: <ol style="list-style-type: none"><li>1. Saka vert utsett</li></ol>
KU-sak 34/13 - vedtak: KU rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak: <ol style="list-style-type: none"><li>1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon «Fagopplæring, rekruttering til yrkesfag og tilbudet til lærlingar» til etterretning.</li><li>2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre dei tiltak som er kravd for at tilrådingane nr. 1 – 8 i tillegg til nr. 10 og 11 i rapporten skal verte gjennomførde.</li><li>3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere til kontrollutvalet når arbeidet er fullført, eventuelt med plan for fullføring innan 1. oktober 2014.</li></ol>

FT-sak 27/13 - vedtak:

1.

Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon «Fagopplæring, rekruttering til yrkesfag og tilbudet til lærlingar» til etterretning.

2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre dei tiltak som er kravd for at tilrådingane nr. 1 – 8 i tillegg til nr. 10 og 11 i rapporten skal verte gjennomførde.

3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere til kontrollutvalet når arbeidet er fullført, eventuelt med plan for fullføring innan 1. oktober 2014.

KU-vedtak i (14/6513):

1. Kontrollutvalet tek notat frå fylkesrådmannen datert 25.09.2014 til orientering.

2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om statusrapport innan 19. januar 2015 for dei tilrådingane i rapporten, som ikkje er ferdig følgt opp i notatet frå fylkesrådmannen datert 25.09.2014.

Vedtak:

1.

Kontrollutvalet tek notat frå fylkesrådmannen datert 20.01.2015 til orientering.

2. Kontrollutvalet ber om ei orientering frå fylkesrådmannen når tilråding nr. 7 i FT-vedtak 27/13 er ferdig oppfølgt.

---

### Kommentarar

Bestilling. Bestillinga sendt til Deloitte i etterkant av møtet (9.10.12), med atterhald om at fylkestinget vedtok Plan for forvaltningsrevisjon. Denne vart vedteken i fylkestinget med nokre endringer som også resulterte i at kontrollutvalet måtte gjere nytt vedtak i bestillingssaka av forvaltningsrevisjonsprosjektet Fagopplæring.

Bestilling av det samanslåtte prosjektet og prosjektplan vart vedteke av kontrollutvalet.

Prosjektet er i rute trass i at det har teke lang tid å få tilsndt dokumentasjon som revisor har etterspurt.

Prosjektet er i rute.

Prosjektet er i rute. Alle intervju er gjennomførde. Skal gjennomføre tlf.intervju med lærlingar. Dette vil ikkje gå ut over framdrifta.

Revisor og fylkesrådmann var usamd i nokre faktiske forhold i rapporten. Det er viktig og avgjerande at revisor og revidert eining er samde om dei faktiske forholda før desse skal vurderast. Kontrollutvalet valde derfor å sende rapporten tilbake til revisor for å få klarheit i desse foholda. Ny rapport vart motteken 8. august.



Det kom opp endringsframlegg i fylkestinget frå Høgre, der dei ville ha skyvd fristen 1.10.2014 til 1.6.2014. Forslaget fekk 10 stemmer og fall.

Tilrådingar:

1. Vurderer auka bruk av elevar i rettleiings- og rekrutteringsarbeidet som er retta mot ungdomskuleelevar.
2. Legg til rette for meir samarbeid og meir erfaringsutveksling mellom dei vidaregåande skulane til dømes når det gjeld faget Prosjekt til fordjuping.
3. Prioriterer arbeidet med å skaffe praksisplass i Prosjekt til fordjuping til alle elevar på vidaregåande skule.
4. Oppmodar dei vidaregåande skulane til å nytte lærlingar i informasjonsarbeid knytt til yrkesval og yrkesliv i vidaregåande skule.
5. Gjennom målretta informasjonsarbeid arbeider for at fleire elevar vel å vere opne om behov for tilrettelagt opplæring når dei søker læreplass i bedrift.
6. Vurderer om lære kandidatordninga kan vere aktuell for fleire elevar, og sikrar god informasjon om denne moglegheita.
7. Sikrar at informasjon om fagopplæring, lærlingordning mv på nettsidene til fylkeskommunen er slik strukturert at høvesvis elevar, lærarar/rådgjevarar og bedrifter raskt og enkelt finn fram til relevant informasjon.
8. Utarbeider eller justerer rutinar, under dette:
  - a. Reviderer rutine for godkjenning av lærebedrifter slik at det tydeleg går fram kven som har ansvar for å utføre kva oppgåver.
  - b. Utarbeider rutine som sikrar at lærebedrifter blir fagleg vurderte av fagopplæringsnemnda.
  - c. Utarbeider rutine som skildrar kva krav som må vere innfridd for at ein lærekontrakt skal godkjennast.
  - d. Utarbeider system og rutinar for oppfølging av frittstående lærebedrifter for å bidra til å sikre at lovpålagte oppgåver blir utførte, og at lærlingane får den opplæringa dei har krav på.
10. I samråd med bedriftene utviklar eit opplæringstilbod til instruktørar som legg til rette for at faglege leiarar/instruktørar i små bedrifter kan delta.
11. Vurderer moglege tiltak for å tilby fleire læreplassar i eigen organisasjon.

Kontrollsjef har sendt fylkestinget sitt vedtak til fylkesrådmannen.

Oppfølging innan 01.10.14.

Vedtaket vart sendt til fylkesrådmannen 27.10.14

Det er motteke notat med rapporteing 20. januar 2015.

Notat mottatt frå frm 13.1.2016 vert lagt fram for KU i møte 3. mars 2016.

Prosjekt

**27**

Arkivak KU 13/3614  
Bestilt 28.05.2013  
Ferdig 28.02.2014  
Handsaming av rapport KU 18.03.2014  
Handsaming av rapport FT

Status dato	Aktivitet
28.05.2013	Handsaming KU
18.06.2013	Handsaming KU
27.08.2013	Handsaming KU- sak 35/13
24.09.2013	Handsaming KU- sak 42/13
26.11.2013	Handsaming KU- sak 53/13
30.01.2014	Handsaming KU - sak 9/14
18.03.2014	Handsaming av rapport KU-sak 15/14

11.06.2014	Handsaming FT i FT-sak 7/14
27.01.2015	Status-møte med Roar Nasset
25.03.2015	Handsaming i KU-sak 14/15
23.06.2015	KU
26.08.2015	KU-sak 38/15
26.01.2016	KU-sak 10/16

# Tryggleik og beredskap

Planlagt  
KU-sak 15/14

Eventuelt vedtak / resultat
1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon «Tryggleik og beredskap» i samsvar med vedlagte bestillingsdokument.
1. Kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen slik den ligg føre. 2. Kontrollutvalet ber om rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon innan 28. februar 2014
Orienteringa teken til vitande
Orienteringa teken til vitande
Orienteringa teken til vitande
Orienteringa teken til vitande
Kontrollutvalet vedtok følgjande: Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak: 1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon Tryggleik og beredskap til etterretning 2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tilrådingane i kapittel 6 i rapporten 3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å melde tilbake til kontrollutvalet status for gjennomføring og plan for eventuelt vidare arbeid innan 31.12.14

Fylkestinget gjorde slikt vedtak:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon Tryggleik og beredskap til etterretning
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tilrådingane i kapittel 6 i rapporten
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å melde tilbake til kontrollutvalet status for gjennomføring og plan for eventuelt vidare arbeid innan 31.12.14

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak:

1. Kontrollutvalet tek rapporten datert 10. februar 2015 frå fylkesrådmannen til orientering
2. Kontrollutvalet ber om orientering om status i KU-møte 25. august 2015 for oppfølging av vedtaket i FT-sak 7/14.
3. Kontrollutvalet ber om ny oppfølgingsrapport innan 15. januar 2016.

Orientering i KU-sak 30/15

Orientering i KU-sak 38/15 frå ass.frm

Orientering om status frå ass.frm

## Kommentarar

Bestilling. Bestillinga sendt til Deloitte i etterkant av møtet

Prosjektplan vart godkjent, og melding om vedtaket vart sendt Deloitte i etterkant av møtet.

Orientering frå Deloitte om status. Oppstartbrev er sendt ut Planlagt rapport til verifisering innan utgangen av året.

Prosjektet er i rute iflg. statusrapport frå revisor

Deloitte orienterte om framdrift i prosjektet. Er i rute til å bli ferdig som planlagt innan utgangen av februar 2014.

Prosjektet er no til verifisering hjå fylkeskommunen. Rapporten vil bli sendt til høyring i løpet av kort tid, og Deloitte sa i si orientering at rapporten skal vere ferdig innan utgangen av februar.

Kontrollutvalet mottok rapport 04.03.14, der revisor hadde besvart alle probelmstillingar og hadde følgjande tilådingar til fylkeskommunen:

1. Sørger for at tryggleik og beredskap i større grad blir integrert i fylkeskommunen sitt styringssystem og system for internkontroll.

2. Tydeleg formidlar kva fylkeskommunen si rolle er knytt til tryggleik og beredskap, og kven som er viktige samarbeidspartar ved ei eventuell krise.

3. Innan kort tid gjennomfører risikoanalyse for fylkeskommunen, inkludert alle verksemdene, og sørger for at analysen blir følgt opp med naudsynte handlingsplanar og tiltak.

4. Ferdigstiller den overordna kriseplanen med handlingsplanar for identifiserte hendingar og vurderer om kriseplanen kan oppdaterast med meir utfyllande informasjon om fylkeskommunen sitt arbeid med tryggleik og beredskap.

5. Sikrar at skildringa i kriseplanen er i samsvar med praksis når det gjeld om kriseleiinga skal aktiviserast når fylkesberedskapsrådet blir aktivert.

6. Leggje fram kriseplan og eventuelt ROS-analysen for politisk nivå.

7. Etablerer overordna retningslinjer for korleis fylkeskommunen og verksemdene i fylkeskommunen skal arbeide med tryggleik og beredskap, herunder krav til risikoanalysar, beredskapsplanar, øvingar, evalueringar, fordeling av ansvar og oppgåver, varslings, kommunikasjon, rapportering m.m.

8. Utarbeider ei rutine for skriftleg evaluering av øvingar og eventuelle hendingar slik at ein sikrar læring og forbetring i beredskapsarbeidet.

9. Sikrar at det går klart fram av rutinane kva oppgåver den einskilde i kriseorganisasjonen sentralt og lokalt har ansvar for ved ei krise, og korleis oppgåvene skal utførast.

10. Sikrar at fylkeskommunen og dei einskilde verksemdene har tenlege varslingsystem, plan for krisekommunikasjon og gode loggføringsrutinar uavhengig av kva system ein legg til grunn.

11. Vurderer om einskilde medarbeidarar som har viktige rollar i kriseorganisasjonen, både sentralt og lokalt i verksemdene, har behov for opplæring i forhold til dei rollene dei er gjeve.

12. Ferdigstiller og godkjenner beredskapsplan for samferdsle.

13. Utarbeider ei oversikt over transportberedskapsbehovet i fylket, herunder eit samla oversyn over kaiar som kan nyttast i tilfelle vegstengingar.

14. Setter tryggleik og beredskap som fast punkt på agendaen på dei årlege kontaktmøta mellom fylkeskommunen og transportselskapa.

Tilrådingane frå revisor står i raden for KU-vedtak. Det er 14 tilrådingar i rapporten. FT-vedtaket er sendt fylkesrådmannen 23.6.14.

Assisterande fylkesrådmannen utarbeider i desse dagar notat med oppfølging. Notatet er forsinka på grunn av uforutsette hendingar.

Kontrollsjefen mottok rapport 10.2.15 frå fylkesrådmannen. Det er gjort eit omfattande arbeid med oppfølginga av vedtaket i FT-sak 7/14, men fylkesrådmannen ber om frist ut 2015 for fleire av punkta i oppfølginga, medan andre punkt er planlagt ferdigstilt tidlegare.

Kontrollsjef orienterte om e-post frå assisterande fylkesrådmann, mottaken 1. juni, der tidspunktet for kartlegging av kaier vert skyvd til 1. september.  
Orienteringa vart teken til vitande

Assisterande fylkesrådmann ba om utsetting for oversikt over kaianlegg. Det er ikkje mogeleg å få denne oversikta klar til 1. september. Vil kome tilbake til dato seinare. Det er ynskje frå ass. frm å få kontrollsjefen med i arbeidet med å sette opp ein plan for oppfølgingsarbeidet med dette prosjektet fram til neste møte i kontrollutvalet. Kontrollutvalet og kontrollsjefen peikar på viktigheita av å ivareta uavhengigheit i arbeidet for kontrollorgana, men stiller seg positiv til initiativet.

Assisterande fylkesrådmann orienterte om status for oppfølginga av fylkestingsvedtaket etter gjennomført forvaltningsrevisjon av tryggleik og beredskap. Det vart bedt om utsetting av fristen for å fullføre oppfølginga til 31.12.2016 på grunn av at arbeidet med ROS-analysen vil skje etter at ny organisasjonsstruktur for sentraladministrasjonen er på plass 1. april 2016. Kontrollutvalet vil få ei sak for handsaming av spørsmålet om utsett frist i neste møte.


Arkivak KU	13/6113
Bestilt	24.09.2013
Ferdig	06.03.2015
Handsaming av rapport KU	25.03.2015
Handsaming av rapport FT	10.04.2015
Oppfølging	16/85

Status dato	Aktivitet
24.09.2013	Handsaming KU
26.11.2013	Handsaming KU
30.01.2014	Handsaming KU
18.03.2014	Handsaming i KU, sak 16/14
07.05.2014	Handsaming i KU-sak 17/14
27.05.2014	Handsaming i KU-sak 27/14
17.06.2014	Handsaming i KU-sak 31/14
26.08.2014	Status i KU-møte
23.09.2014	Status i KU-møte
21.10.2014	Status i KU-møte
25.11.2014	Status i KU-sak 61/14
10.02.2015	Status i KU-sak 9/15



25.03.2015	Handsaming av rapport i KU-sak 10/15
10.04.2015	Handsaming av rapport i FT-sak 2/15
26.01.2016	Handsaming av oppfølging i KU-sak 4/16



Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget tek rapport etter gjennomføring av forvaltningsrevisjon «Samhandling og prosjektstyring» til etterretning.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å følgje opp tilrådingane i rapporten, kapittel 6.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å melde tilbake til kontrollutvalet status for oppfølging av tilrådingane og plan for eventuelt vidare arbeid innan utgangen av 2015.

Fylkestinget vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet i KU-sak 10/15, 25. mars 2015

Vedtak i KU-sak 4/16:

1. Rapporten frå fylkesrådmannen datert 3.12.2015 vert teken til vitande
2. Kontrollutvalet vurderer vedtaket i FT-sak 2/2015 til å vere ferdig oppfølgt

### Kommentarar

Bestilling. Bestillinga sendt til Deloitte i etterkant av møtet. Ber om prosjektplan til handsaming i KU 26.11.2013.

KU fekk prosjektplan frå Deloitte AS til handsaming. Leiar i utvalet føreslo at saka skulle utsettast då utvalet vart litt usikre på om prosjektplanen var tilstrekkeleg konkret. Leiar og nestleiar skulle i samråd med kontrollsjef sende endringsforslag til revisor i eit forsøk på å få konkretisert problemstillingane. Dette vart gjort i eit brev sendt Deloitte 12.12.2013 (13/6113-8).

Ny prosjektplan vart motteken frå Deloitte 21.1.2014. Planen vart lagt fram for utvalet med tilråding om å vedta planen. Kontrollsjefen hadde eit par merknadar i saksframstillinga som revisor bør ta omsyn til ved gjennomføring av forvaltningsrevisjonen.

Revisor orienterte utvalet om status og fastslo at prosjektet er i rute. Utvalet tok orienteringa til vitande.

Kontrollsjefen mottok i framkant av møtet e-post frå fylkesrådmann der det vert peika på innspel frå leiargruppa vedrørende forskjellige prosjekt som revisor har diskutert med leiargruppa. Fylkesrådmannen meinte dette kom lite fram i saksframlegget til utvalet. Revisor la fram eit notat som vart gjennomgått i møtet med dei alternative prosjekt etter møtet med leiargruppa, ein prosess som var omtalt i saksframlegget.

Val av prosjekt som skulle gjennomgåast i denne forvaltningsrevisjonen vart diskutert etter at utvalslar, revisor og kontrollsjef hadde motteke innspel frå fylkesrådmann i saka. Fylkesrådmannen var til stades i møtet og la fram sine synspunkt. Utvalet bestemte at dei ville gjere ei vurdering i neste møte i kontrollutvalet og bestemme seg for prosjekt i møte 17. juni.

Vedtaket vart sendt til revisor i etterkant av møtet.

Deloitte varslar ytterlegare forseiningar som følgje av utsette tilbakemeldingar frå administrasjonen, og som har resultert i at gjennomføringsansvarleg person i Deloitte er sett på andre oppdrag, slik at dette prosjektet vert ytterlegare forseinka. Deloitte varslar at det kan bli vanskeleg å få rapporten ferdig til handsaming i KU i november. Kontrollutvalet ber om at tidplan om å få prosjektet klart til handsaming i KU i november vert halden.

Revisor orienterte om at det er avtalt intervju med assisterande fylkesrådmann veke 39.

Informasjonsinnsamling vert ferdig ved utgangen av september. Rapport ferdig utgangen av oktober. Høyring i november. Det er mogeleg rapporten vert ferdig til handsaming i kontrollutvalet 25. november.

Det er gjennomført ekstra intervju for å få fram naudsynte opplysningar i prosjektet. Verifisering og høyring er forventa å vere ferdig innan 15.1.15. Rapport er planlagt ferdig innan utgangen av januar 2015.

Prosjektet har framdrift i samsvar med planlagt ferdigdato 31.01.15

Rapport vert sendt på høyring i løpet av veke 7. Rapport ferdig innan 6.3.2015

Revisor tilrår at Sogn og Fjordane fylkeskommune:

Vurderer å utarbeide overordna retningslinjer for prosjektstyring som fastsett krav til mellom anna:

- a. Utarbeiding av prosjektmandat
- b. Kvalitetssikring av planlegging og gjennomføring
- c. Gjennomføring av risikovurderingar
- d. Oppretting av eventuelle styringsgrupper, referansegrupper mv.
- e. Melding og oppfølging av avvik
- f. Rapportering av framdrift
- g. Evaluering av avslutta prosjekt
- h. Korleis prosjektinformasjon skal arkiverast

Kontrollutvalet v/sekretariatet mottok rapport frå fylkesrådmannen 2. desember 2015 der det vert gjort greie for status for oppfølginga av FT-sak 2/2015. Fylkesrådmannen skriv mellom anna at han er samd i at felles retningslinjer for organisering av prosjektarbeid er føremålstenleg for betre styring, administrering, gjennomføring og oppfølging og evaluering av prosjekt. Det er i administrasjonen gjennomført eit arbeid for å få på plass felles overordna føringar for prosjektarbeid, -styring og gjennomføring. Notatet «Målretta prosjektstyring i Sogn og Fjordane fylkeskommune» er utarbeidd og skal brukast som eit felles grunnlag for prosjektarbeid i organisasjonen. I notatet gjer fylkesrådmannen greie for retningsliner for målretta prosjektstyring i fylkeskommunen.

Prosjekt

**29**

Arkivak KU 14/3443  
Bestilt 27.05.2014  
Ferdig 03.11.2014  
Handsaming av rapport KU 25.11.2014  
Handsaming av rapport FT 09.12.2014  
Arkivsak oppfølging 15/8448

<b>Status dato</b>	<b>Aktivitet</b>
27.05.2014	Handsaming KU
17.06.2014	Handsaming KU
26.08.2014	Status i KU
23.09.2014	Status i KU
21.10.2014	Status KU
14.11.2014	
25.11.2014	Handsaming av rapport i KU-sak 53/14



## Tildeling og oppfølging v tilskot

Planlagt  
KU-sak 53/14  
FT-sak 36/14

Eventuelt vedtak / resultat	
1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon «Tildeling og oppfølging av tilskot» etter vurdering av formål og problemstillinger i vedlagte utkast til bestilling	
Utvalet handsama prosjektplan i dette møtet, og gjorde slikt vedtak: Kontrollutvalet vedtek prosjektplanen datert 12.06.14 frå Deloitte AS som framlagd	1.
2. Kontrollutvalet ber om rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon innan 3.11.14	
Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:	
1. Fylkestinget tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltninga til etterretning.	
2. Fylkestinget tek fylkesrådmannen si vurdering når det gjeld tilråding nr. 3 i rapporten til etterretning.	
3. Fylkestinget tek fylkesrådmannen sin konklusjon vedr. tilråding nr. 9 i rapporten til etterretning.	
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følgje opp dei øvrige tilrådingane frå revisor i kapittel 6 i rapporten	
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å melde tilbake til kontrollutvalet status for oppfølging av tilrådingane og plan for eventuelt vidare arbeid innan 01.09.201	



Dette gir følgende endelige vedtak:

1. Fylkestinget tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltninga til etterretning.
2. Fylkestinget tek fylkesrådmannen si vurdering når det gjeld tilråding nr. 3 i rapporten til etterretning.
3. Fylkestinget tek fylkesrådmannen sin konklusjon vedr. tilråding nr. 9 i rapporten til etterretning.
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følge opp dei øvrige tilrådingane frå revisor i kapittel 6 i rapporten
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å melde tilbake til kontrollutvalet status for oppfølging av tilrådingane og plan for eventuelt vidare arbeid innan 01.09.2015.

Vedtak i KU:

1.

Kontrollutvalet tek brev frå administrasjonen med oppfølging av tilrådingane til vitande.

2. Kontrollutvalet vurderer forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning til å vere fullført.

## Kommentarar

Bestilling. Bestillinga vart vedteken med atterhald om at fylkestinget vedtek plan for forvaltningsrevisjon med dette prosjektet på første prioritet. sendt til Deloitte i etterkant av møtet. Ber om prosjektplan til handsaming i KU fekk prosjektplan frå Deloitte AS til handsaming.

Prosjektet er i rute, og vil bli ferdig til handsaming i november med atterhald om at tidsfristane for Intervjuavtaler denne veka(39). Ferdig med intervju i løpet av veke 40. Verifisering og høyring i midten av oktober. Rapport blir ferdig til handsaming i kontrollutvalsmøtet 25. november, med atterhald om at ein unngår Revisor har hatt dialog med fylkesrådmannen vedr. plan for verifisering og høyring. Verifisering er planlagt ferdig 28.10. Høyringsutkast vert sendt 30.10 med høyringsfrist 13.11. Rapport vert ferdigstilt innan 14.11.

Rapport motteken frå revior.

1. Sikrar at delegering av mynde frå hovudutvala til administrasjonen blir retta til fylkesrådmannen, i samsvar med kommunelova §23 (4) og fylkeskommunen sitt delegeringsreglement.
2. Vurderer om bruken av den administrative fullmakta som er gitt til fylkesdirektør for Næring, innan programområde 700, skal leggjast fram for Hovudutval for plan og næring til orientering.
3. Vurderer om den etablerte praksisen knytt til administrative vedtak om tilskot på inntil kr 50 000 på kulturområdet, er i samsvar med intensjonen med det delegerte myndet.
4. Etablerer ytterlegare system og rutinar for samhandling og koordinering mellom avdelingane i samband med tilskotsforvaltninga.
5. Sikrar at informasjon om alle tilskotsordningar som blir forvalta av fylkeskommunen er tilgjengelig gjennom fana «tilskotsordningar» på startside til fylkeskommunen.
6. Vurderer om det er mogleg å gje ytterlegare informasjon om tilskotsordningane Allment kulturarbeid og Kulturutviklingsmidlar, som kan gjere det lettare for potensielle søkjarar å skilje mellom ordningane.
7. Sikrar ein konsistent bruk av omgrep i informasjon/retningslinjer, søknadsskjema og underrettingsbrev innanfor same tilskotsordning.
8. Sikrar at det er gitt tilstrekkeleg tydelege føringar for å trekkje inn ressursar med spesialisert kompetanse på statsstøtteregulverket dersom ein meiner at ei sak kan vere omfatta av dette regelverket.
9. Sikrar at det er etablert system for jamleg å evaluere om definerte føremål, vilkår og moment for vurdering i sakshandsaminga blir følgt opp i praksis, og om det er behov for justeringar, presiseringar mv. i retningslinene for tilskotsordningane.
10. Sikrar at sakshandsaminga i samband med tilskotsforvaltninga er i samsvar med krav i forvaltningslova, herunder:
  - a. Sikrar at det blir sendt førebels svar i samsvar med fvl. § 11a andre og tredje ledd.
  - b. Sikrar at vedtak er tilstrekkeleg grunngeve, jf fvl. § 24 og 25.
  - c. Sikrar at det i underretting om vedtak blir informert om på kva vis partane kan bli kjent med grunngevinga for vedtaket, og om retten til å sjå dokumenta i saka, jf fvl. § 27 andre og tredje ledd.
  - d. Sikrar at alle vedtak om tildeling eller avslag på søknad om tilskot er skriftleg, og at det blir gitt skriftleg underretting om vedtaket, jf fvl. §§ 23 og 27.
  - e. Sikrar at alle underrettingar om vedtak inneheld informasjon om klageåtgang, klagefrist, klageinstans og den nærare framgangsmåte ved klage, jf fvl. § 27 tredje ledd.
  - f. Sikrar at søkjar blir kontakta dersom det blir vurdert som aktuelt å handsame ein søknad innanfor ei anna tilskotsordning enn den det er søkt innanfor, slik at rettleingsplikta jf fvl. §11 blir ivareteke.



Prosjekt

**30**

Arkivak KU 14/5011  
Bestilt 03.09.2014  
Ferdig 01.05.2015  
Handsaming av rapport KU 12.05.2015  
Handsaming av rapport FT 16.06.2015  
Oppfølging 16/161

<b>Status dato</b>	<b>Aktivitet</b>
26.08.2014	Handsaming KU
23.09.2014	Handsaming KU
25.03.2015	KU-sak 19/15
12.05.2015	Handsaming i KU-sak 27/15
16.06.2015	Handsaming i FT-sak 13/15



## Innkjøp og oppfølging av kollektivtransport

Planlagt

KU-sak 27/15

FT-sak 13/15

Eventuelt vedtak / resultat
Endringsframlegget og dei tilrådde punkta vart samrøystes vedtekne. 1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon «Innkjøp og oppfølging av kollektivtransport» etter vurdering av formål og problemstillingar i vedlagte bestilling 2. Prosjektstart vert sett til 1.12.2014 med levering av rapport innan 01.05.2015 3. Vedteke bestilling vert sendt Deloitte AS
Utvalet handsama prosjektplan i dette møtet, og gjorde slikt vedtak: 1. Prosjektplanen datert 09.09.2014 frå Deloitte AS vert godkjent slik den ligg føre. 2. Oppstart av prosjektet vert 1.12.2014. 3. Kontrollutvalet ber om rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon innan 01.05.2015
Orientering
Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak: 1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av innkjøp og oppfølging av kollektivtransport til etterretning 2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følge opp tilrådingane frå revisor. 3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å rapportere til kontrollutvalet når oppfølginga er ferdig, seinast innan 31. desember 2015
Fylkestinget vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet i KU-sak 27/15 12.06.2015.



## Kommentarar

Bestillinga vart sendt Deloitte 3.9.14

KU fekk prosjektplan frå Deloitte AS til handsaming.

All dokumentasjon er mottatt og gjennomgått. Intervjuer blir ferdig i løpet av veke 13. Rapport vert levert innan fristen 1. mai.

Tilrådingane frå revisor:

Revisjonen meiner at fylkeskommunen i all hovudsak har gjennomført innkjøp av kollektivtenester og oppfølging av innkjøpa på ein tilfredsstillande måte og i samsvar med regelverket. Samstundes meiner revisjonen at fylkeskommunen har eit forbetningspotensial knytt til skriftleggjing av retningslinjer for arbeidsprosessane som gjeld innkjøp og oppfølging av kollektivtenester. Fylkeskommunen har etablert fleire gode praksisar og har også utarbeidd notat og sentrale dokument knytt til dei einskilde anbudsprosessane som revisjonen meiner vil vere eit godt utgangspunkt for å etablere meir generelle retningslinjer for dette området.

Revisjonen anbefalar at Sogn og Fjordane fylkeskommune:

1. Etablerer overordna skriftlege retningslinjer for innkjøp og oppfølging av kollektivtenester knytt til mellom anna:

- a) val av kontraktform (brutto- eller nettokontrakt)
- b) organisering av innkjøpsprosessen (bruk av styringsgruppe og arbeidsgruppe)
- c) sentrale aktiviteter (utarbeiding av framdriftsplan m.m.)
- d) vurdering av habilitet
- e) kva anbudsprosedyre som kan og bør nyttast
- f) korleis gode forhandlingar kan gjennomførast
- g) korleis ein kan sikre god oppfølging av kontraktane

2. Sørger for at anskaffingsprotokollen inneheld verdiberekning av anskaffingar, slik at alle krav knytt til protokollføring i FOA § 3-2 (med vedlegg) blir etterlevd.

3. Sørge for at arkivering i samband med kontraktoppfølging skjer i tråd med fylkeskommunen sine retningslinjer.

4. Sikre at det i framtidige anbuds konkurransar blir sett tilstrekkeleg med krav knytt til talet på driftsmøte og krav til handsaming av førespurnader og eventuelle klager frå kundar.

5. Vurdere korleis ein kan få informasjon frå brukarane av båttilbodet – til dømes gjennom brukarundersøkingar.

6. Vurdere om det på nettstaden «Kringom» bør vere høve for brukarane å kome med generelle tilbakemeldingar og eventuelle avvik knytt til kollektivtilbodet som dei ynskjer å rapportere, og som også omfattar båttilbodet.











Prosjekt

**32**

Arkivak KU 14/8389  
Arkivsak KU 15/8055  
Bestilt 19.12.2014  
Ferdig 11.09.2015  
Handsaming av rapport KU 01.10.2015  
Handsaming av rapport FT

Status dato	Aktivitet
25.11.2014	Handsaming KU-sak 61/14
10.02.2015	Handsaming i KU-sak 1/15
25.03.2015	KU-sak 19/15
12.05.2015	KU
23.06.2015	KU
26.08.2015	KU
01.10.2015	Handsaming i KU-sak 43/15
13.10.2015	Handsaming av rapport i FT-sak 30/15


## Læringsmiljø og PP-tenesta

Bestilling og godkjenning av prosjektplan  
Behandling av rapport i KU og FT

Planlagt  
KU-sak 43/15

Eventuelt vedtak / resultat
KU-vedtak i KU-sak 61/14: 1. Leiar la opp til ein diskusjon om val av neste forvaltningsrevisjonsprosjekt. Utvalet kom til at ein ynskte ei samanslåing av prosjekt nr. 5 og 6 i revidert plan for forvaltningsrevisjon, noko kontrollsjef skal vurdere i lag med revisor. Leiar fekk, i samråd med kontrollsjef, fullmakt til å bestille prosjektet.
Vedtak: 1. Prosjektplanen datert 25.1.2015 frå Deloitte AS vert godkjent med dei kommentarar som ligg i denne saka. 2. Kontrollutvalet ber om rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon innan 11.9.2015
Orientering om status
Orientering om status
Orientering om status
Orientering om status i KU-sak 38/15
Vedtak i KU-sak 43/15, tilråding til fylkestinget: 1. Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av læringsmiljøet i vidaregåande skule vert teken til etterretning 2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følgje opp revisor sine tiltak i kapittel 7 i rapporten. 3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen melde status på oppfølginga, og eventuell plan for vidare oppfølging, til kontrollutvalet innan 31. mars 2016.
Fylkestinget vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet.




---

### Kommentarar

Bestillinga vart sendt Deloitte 19.12.14. Det vart bedt om prosjektplan innan 25.01.2015 for handsaming i utvalet i møte 10.02.15.

Dokumentasjon er mottatt innan fristen som var sett. Det blir no gjort klart for spørjeundersøking. Prosjektet er i rute.

Spørjeundersøking til elevråda gjennomført med svar frå 7 av 12. Spørjeundersøking til rektorane gjennomført med svar frå alle 12. Prosjektet er i rute. Orienteringa vart teken til vitande.

Line Johansen frå Deloitte orienterte om status. Progresjonen er noko på etterskot i høve til planen. Det tok lenger tid enn forventa med å få spørjeundersøkinga besvart. Påminningar vart sendt ut. Dermed vart andre aktivitetar som byggjer på innsamla data frå spørjeundersøkinga forskyve – dette gjeld for eksempel intervju med rektorar, PPT og representantar frå opplæringsavdelinga. Det er framleis plan å få sendt ut rapport til verifisering i slutten av veke 27, men ein tek atterhald om at intervjureferata vert raskt verifiserte. Dersom det ikkje går, vert rapporten sendt til verifisering/høyring etter sommaren. Frist for levering av rapport, 11. september, står fortsatt ved lag. Orienteringa vart teken til vitande.

Prosjektet er i rute. Rapport er til verifisering og høyring no, og vert oversendt i god tid før neste møte i kontrollutvalet. Kontrollutvalet tok orienteringa til vitande

#### Tilrådingane frå revisor:

1. Etablerer system som sikrar at alle vidaregåande skular i Sogn og Fjordane fylkeskommune driv eit kontinuerleg og systematisk arbeid etter oppl. § 9a-4, og har system og rutinar som oppfyller krav til internkontroll slik desse er presisert i rundskriv Udir-4-2014.
2. Etablerer system for å sikre at beste praksis og gode rutinar knytt til læringsmiljøarbeidet blir delt, og vurderer å i større grad etablere felles rutinar på området.
3. Sikrar at alle vidaregåande skular i Sogn og Fjordane fylkeskommune har skulemiljøutval der representantar for elevane er i fleirtal, jf. oppl. § 11a-5.
4. Vurderer i kva grad og eventuelt korleis elevane i enno større grad kan involverast i læringsmiljøarbeidet ved skulane.
5. Følgjer opp både skulane og PP-tenestene når det gjeld i kva grad og korleis PPT bistår skulane med systemretta arbeid, samt etablerer system for auka grad av erfaringsdeling når det gjeld PPT sitt systemretta arbeid.












